



Rutine for tilvenning av nye barn i barnehagen



Nord-Fron kommune

Slik gjennomfører vi tilvenninga

1. TIDLEG START

Barnehagen legg til rette for at barn og foreldre kan kome på besøk før oppstart. Barnehagen tek kontakt med foreldra og avtaler tid for besøksdagar. Pedagogane kan òg besøke barnet heime. Før oppstart gjennomfører vi oppstartsamtaler.

2. GOD OG TETT DIALOG

Det er alltid viktig med god og tett dialog mellom foreldre og tilsette, og særleg viktig før oppstart og under tilvenninga.

3. BRUK AV OVERGANGSOBJEKT

La barnet ha med t.d kosedyr, bøker, eller bilete av familien og heimen sin i barnehagen. Omvendt kan barnet òg få bilete av barnehagen og dei tilsette med seg heim.

4. VED LEVERING

Sørg for å ha nok tid ved levering. Tilsette som tek imot kan setje seg på golvet, slik at barnet sjølv har moglegheit til å gå frå foreldra til den tilsette når det kjenner seg klar.


5. TA BARNET PÅ ALVOR

Når vi tek imot barnet bruker vi vår kompetanse til å gjere møtet trygt for barnet. Vi tek barn sine følelser på alvor. Dei tilsette i barnehagen har kunnskap om trygghet og tilknytning, dei er der for å ivareta barn og foreldre.

Dei fleste barn har utvikla ei trygg tilknytning til ein eller to omsorgspersonar når dei byrjar i barnehagen. Viktige kjenneteikn på trygg tilknytning er omsorgspersonen si evne til å roe og trøste barnet, og barnet si evne til å ta imot trøst, bli roleg og bruke tida si på leik og utforsking.

Omsorgspersonen si hovudoppgåve er å fungere som ei trygg havn, det vil si ta imot barnet når det har behov for trøst og omsorg, og å vere ei trygg base for barnets utforsking, leik og læring. Dette er tydeleg beskrive i trygghetssirkelen, ein modell utvikla for å sjå barnets behov og korleis ein kan tilfredsstille desse på ein god måte.

Hovudoppgåva i barnehagen er å arbeide på ein slik måte at barnet kan oppnå god tilknytning til fleire tilsette og barnegruppa.



Barnehagestart er ein stor overgang i eit lite barns liv. Det er eit skifte frå å ha vore heime med foreldra sine med kjent kvardag, til ein arena med mykje folk og nye rutinar.

På bakgrunn av dette ønskjer vi:

- ⇒ Å vere fleksible på tida barnet treng til tilvenninga, ut i frå barna sine behov.
- ⇒ At foreldra under tilvenningstida har ansvar for sitt eige barn. Det er foreldra som skal vere saman med barnet i leik, ved bordet, stell og skift. Det er nyttig for at barnet skal bli tryggast mogleg.



«Forsking viser at foreldra spelar ei viktig rolle ved barnehagestart. Med mor og/eller far tilstades er barna mindre stressa og dei føler seg tryggare»

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære»

Barnehagane i Nord-Fron

For meir informasjon om barnehagen vår, trykk på lenka nedanfor.

Ruste barnehage

Toksebakken barnehage

Kvam barnehage

Skåbu barnehage

Sorperoa barnehage

Sentrum barnehage